


Lærarretteiing for “Løva Lukas og toget”



Føreord

“Løva Lukas og toget” er utarbeidd for å snakke med barn om tog og tryggleik. Vi har svært få jernbaneulukker i Noreg, blant dei absolutt lågaste ulukkestala i Europa, men det betyr ikkje at vi kan lene oss attende og seie at vi er gode nok. Vi har ingen å misse! Jernbaneverket arbeider kontinuerleg med å betre tryggleiken på jernbanen, og det blir kvart år gjennomførte mange hundre små og store tiltak. Haldningsskapande arbeid og Løva Lukas er ein del av dette. Løva Lukas er ei stor og mektig løve, og det einaste som gjer han skikkeleg redd, er folk som ikkje passar seg for toget.

Hensikta med “Løva Lukas og toget” er å lære barn å vise aktsemd i trafikken og etablere same sunne respekt for tog og jernbanespor, som for bilar og motorvegar.

Jernbaneverket ynskjer:

“At tog og tryggleik blir ein naturleg del av trafikktryggleiksopplæringa i barnehagar og skular.”

“Løva Lukas og toget” inneheld historia om Løva Lukas og venene hans i form av ein presentasjon, eit hefte i A5 format, oppgåver og diplom.

Jernbaneverket ser ‘Løva Lukas og toget’ som eit positivt tilskot til trafikkopplæringa i småskulen. Lykke til med arbeidet!

Med venleg helsing,

Jernbaneverket

Innhald “Løva Lukas og toget”

“Løva Lukas og toget” inneheld historia om Lukas som er lokomotivfører. Han er svært oppteken av tryggleik, og at folk må passe seg for toget. Historia er bygd opp av fargerike illustrasjonar og korte, enkle setningar.

Undervisningsopplegget inneheld:

- ein presentasjon som inneheld sjølve historia om Løva Lukas
- eit A5-hefte med historia og enkelte oppgåver
- oppgåver for ulike aldersnivå
- diplom
- evalueringsskjema

Alt materialet er tilgjengeleg på Jernbaneverkets nettside: www.jernbaneverket.no/lukas. Heftet er gratis og blir tilsendt om de ber om det.

Tanken er at “Løva Lukas og toget” skal bli gått gjennom i plenum, anten ved bruk av presentasjonen på eit lerret eller ved å ha ei lesestund med hefta og at ein snakkar saman om Løva Lukas og budskapet hans. Etter at historia har vorte presentert kan ein halde fram med arbeidet ved å gjere oppgåvene. Tanken er at alle barna skal få eit hefte kvar slik at dei kan ta det med heim, og håpet er at dei også snakkar med dei heime om Løven Lukas sin budskap.

Hovudbudskapet til Løva Lukas

- **Vær varsam! Toget kjem fort og stille.**
Toga vi har i dag lagar lite lyd, slik at det kan vere vanskeleg å høyre toget før det plutseleg er der. Hugs at vegetasjon og snø kan isolere lyden slik at det blir enda vanskelegare å høyre toget.
- **Toget er stort og tungt, og kan ikkje stoppe for deg.**
Toget si vekt og fart verkar inn på toget si evne til å stoppe, og det kan ta lang tid før toget står heilt stille, opp til 1000 meter eller omtrent 10 fotballbanar. Det betyr at det er svært vanskeleg for lokomotivføraren å stoppe, sjølv om han dreg i naudbremsa med ein gong han ser folk må skjenegangen. Toget har alltid rett til å køyre. Dette blir regulert av Veitrafikkloven.
- **Ikkje leik på togstasjonen.**
Togstasjonene er ikkje ein leikeplass. Ikkje alle tog stoppar på alle stasjonar, slik at tog kan kome susande forbi i stor fart og det kan oppstå farlege situasjonar dersom man ikkje er merksam. Det kan vere vanskeleg å kome seg opp på plattform igjen dersom ein har hamna nede i sporet. På stasjonar er det til tider mykje folk, og det er best at ein er roleg og merksam når ein ventar på toget.
- **Vent bakom den gule linja.**
Den gule linja på plattformene markerer ein tryggleikssone. For din eigen tryggleik, hald deg bak den gule linja. Dette sparar også lokomotivføraren for unødig stress
- **Stopp, sjå og lytt etter tog.**
Planovergangar er den einaste staden kor du trygt kan krysse togsporet, men sjølv på ein planovergang må ein vere merksam på same måte som når ein nyttar seg av eit gangfelt. Det er viktig at ein alltid er merksam på lyd, lys og bommar. Kryss aldri ein planovergang der bommane ligg nede eller er i ferd med å gå ned. Det går fleire tog enn det som står i rutetabellen, det kan kome fleire tog etter kvarandre og dersom det er to spor, kan det kome eit tog på det andre sporet.

Bakgrunnsinformasjon om jernbanen

Vi er glade for at vi har så få jernbaneulucker i Noreg, men vi ser dessverre ein god del nesten-ulucker. Nesten-ulucker er hendingar der ting kunne ha gått gale, men der det heldigvis gjekk bra.

Eksempel på nesten-ulucker:

Barn spring framfor toget. Barna kjem seg får hendinga heilt fint, men det kunne ha gått svært gale om eit av barna til dømes hadde snubla og falle over ende.

Ein bilfører blir lei av å vente på toget veid ein planovergang, og køyrer sikksakk mellom bommane som er på veg ned eller ligg nede.

Slike hendingar ser vi dessverre alt for ofte. Ikkje berre er slike hendingar svært skumle fordi dei kunne ha gått gale, men dei sett og ein skikkeleg støkk i lokomotivføraren. Lokomotivføraren veit at tog er store og tunge, og at dei har lang bremselengd. Dette gjer at det finst små eller ingen moglegheiter for å stoppe i tider dersom nokon er i sporet.

I Noreg har vi meir enn 4 000 km jernbane. Jernbanen går gjennom bølgjande landskap, store vidder, mørke skogar og tettbygde strøk, og for at vi skal kunne krysse jernbanen på ein trygg og sikker måte, finst det om lag 3 500 planovergangar i Noreg. Det å reise med tog og frakte gods på jernbanen er både effektivt og miljøvenleg. Vi hadde ei auke til 62 millionar reisande i 2013.

Sjølv om det ikkje finst tog i nærleiken av deg, vil det likevel vere nyttig å ta til seg kunnskap om korleis ein trygt skal ferdast i nærleiken av jernbanen. Noreg har mobile innbyggjarar, og med 4 000 km jernbane er det sannsynleg at alle før eller seinare kome i kontakt med jernbanen. Da er det svært fint om kjennskapen til korleis ein skal ta vare på sin eigen tryggleik sit i ryggmargen. Det er difor det er Jernbaneverket sin visjon "at tog og tryggleik skal bli ein naturleg del av trafikktryggleiksopplæringa i barnehagar og skular".

Om haldningsskapande arbeid

Grunnen til at haldningar er viktige er at dei kan ha medverknad på åtferd. Det er større grunn til å tru at ein handlar i samsvar med si haldning enn at ein handlar stikk i strid med den. Til dømes: det er mindre sannsynleg at ein pasifist deltek i ei valdshandling enn at ein person med valdelege tendensar gjer det.

Jernbaneverket arbeider kontinuerlig med å oppretthalde og forbetre tryggleiken på jernbanen, men alle sikringstiltaka og systema i verden hjelper ikkje dersom folk bevisst eller umedviten vel å ikkje ta vare på sin eigen tryggleik. Vi installerer ikkje lyd, lys og bommar på planovergangar for å passe på toget, men for å beskytta trafikantane. Når folk vel å ignorere slike tryggingssystem og utsetje seg sjølv, og potensielt andre, for fare er dette ofte eit billete på dårlege haldningar. Det er slike haldningar vi søkjer å unngå og i staden for vil vi gjere det mogleg å etablere gode haldningar til tryggleik ved jernbanen. Det sparer liv.

Jernbaneverket har spesielt fokus på barn i sitt holdningsskapande arbeid. Det er fordi barn er spesielt utsette for å setje seg sjølv i risikofylte situasjonar fordi dei enda ikkje har same evne som vaksne til å evaluere risiko. Ein vaksen veit av røynsle om lag kor lang tid det tek å krysse ein veg slik at han kan gjere ei vurdering av risikoen, bevisst eller umedviten, på om han kjem over vegen trygt, eller om han kjem til å vere farleg nær bilen som kjem mot han. For barn er det vanskelegare å gjere slike vurderingar.

Forsking viser at barn er meir påverkelege enn vaksne slik at det er lettare å nå fram til barn enn det er til vaksne. I tillegg viser forskning at mykje tidlig læring blir internalisert, det vil seie blir ein

intern del av deg slik at ein bodskap om å passe seg for toget blir meir som ein ryggmergsrefleks, noko ein ikkje bevisst vurderer, men handlar heilt automatisk. Vi har også stor tru på barn som ambassadørar. Vi trur at barna går heim og fortel sine føresette om kva dei har lært på skulen, og at dei ved å stille spørsmål og setje krav, kan påverke vaksne til å få eit meir bevisst forhold til tryggleik ved jernbanen.

Jernbaneverket har stor tru på haldningsskapande arbeid, og vi håpar de får ei koseleg stund saman med Løva Lukas.

Kontaktperson:

Carin Pettersson,
kommunikasjonsrådgivar haldningsskapande arbeid
Jernbaneverket
E-post: cpe@jbv.no
Mobil: 93 63 63 97